

---

**Fra:** Ola Midttun <Ola.Midttun@fiskeridir.no>  
**Sendt:** 2. desember 2014 09:30  
**Til:** Postmottak Radøy  
**Emne:** 1. gongs høyring og offentlig ettersyn av detaljregulering Dudlatun næring- og visningscenter - uttale

Radøy Kommune  
Krossvegen 8  
  
5936 MANGER

Sakshandsamar: Ola Midttun  
Telefon: 46888567  
Seksjon: Region Vest forvaltningsseksjon  
Vår referanse: 13/1653  
Dykkar referanse: 14/710 - 14/12035  
Vår dato: 01.12.2014  
Dykkar dato: 05.11.2014

Att: Kjersti Flatråker

## Elektronisk post

### 1. GONGS HØYRING OG OFFENTLEG ETTERSYN AV DETALJREGULERING DUDLATUN NÆRING- OG VISNINGSSENTER - UTTALE

Vi viser til brev av 05.11.2014 frå Radøy kommune med høyring og offentlig ettersyn av framlegg til reguleringsplan for Dudlatun nærings- og visningscenter.

#### Om reguleringsplanen

Skjærgårdsfisk AS er tiltakshavar og føremålet med planen er å utvikle næringsseigedomen som visningscenter tilknyta fiskeoppdrett. Arealføremål jf plankart syner o.a. småbåtanlegg, kai og friluftsområde i sjø. Arealbruk etter kommuneplanen syner 'Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner'.

#### Fiskeridirektoratet region vest sin vurdering

I kommuneplanen er det sett av areal for fiske (låssettingsplass) mellom holmane utafor, og vi gjer merksam på Havressurslova og gjeldande regelverk tilknyta lås- og stengsetjing:

##### § 27.Lås- og stengsetjing

*Alle som haustar med not, har rett til å fortøye slepekast i land når det skjer i rimeleg avstand frå hus der det bur folk, eller hytte som er i bruk, og utan utilbørleg fortrengele eller ulempe for andre.*

*Det er forbode å hauste nærare enn 100 meter og å ferdast nærare enn 20 meter frå slepekast eller steng som er fortøydd i land eller oppankra på annan måte.*

